

Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Anne Beth Njærheim (V) sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Rubbestadneset og Bømlo vidaregåande skule vert slått saman til ein skule og skal heite Bømlo vidaregåande skule.

Det vert utbreidd eit pilotprosjekt ved skulen som skal styrke samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at mellom anna opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast saman med bedrift og i tråd med nye nasjonale satsingar på yrkesfaglege utdanningsretningar. Det skal lagast ei løysing som vidarefører kulturen som finnes i den vidaregåande skulen på Bømlo i dag. Kommunen og næringslivet vert invitert med i den prosessen.

Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein i har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal bera tilbod innan allmennfag og yrkesfag, og det skal leggast opp til både TIP og EL på skulen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.»

Røysting

Njærheim sitt forslag fekk 22 røyster (V, H, Frp) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek oppdragsspesifikasjon til etterretning og legg denne til grunn for det vidare arbeidet med å utvikle ein pilotmodell. Det vert tilrådd at det vert oppnemnd arbeidstakarrepresentasjon frå næringslivet i styringsgruppa.